



# NOREGS HØGSTERETT

Den 2. februar 2012 traff Høgsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Falkanger og Kallerud avgjerd i

**HR-2012-00264-U, (sak nr. 2011/2085), sivil sak, anke over dom:**

Songa Services AS (advokat Arild Dommersnes)

Stena Drilling AS (advokat Trond Stang)

Norges Rederiforbund (partshjelpar) (advokat Are Gauslaa)

mot

A

B

C

D

(advokat Eyvind Mossige og  
advokat Karianne Rettedal)

Det vart gjort følgjande

## ORSKURD OG VEDTAK:

- (1) Songa Services AS og Stena Drilling AS har anka Borgarting lagmannsretts dom 31. oktober 2011 i sak nr. 11-014108ASD-BORG/03 mot A, B, C og D. Anken gjeld rettsbruken og bevisvurderinga.
- (2) I prosesskriv 23. desember 2011 har Norges Rederiforbund erklært partshjelp til føremon for dei ankande partane. Ankemotpartane har i prosesskriv 2. januar 2012 motsett seg partshjelp.
- (3) *Høgsteretts ankeutval* ser først på spørsmålet om Norges Rederiforbund kan gå inn i saka som partshjelpar.
- (4) Etter tvistelova § 15-7 første ledd bokstav b skal partshjelp tillatast for foreiningar og stiftingar i sak som ligg innanfor føremål og naturleg verkeområde for dei etter § 1-4. I Rt. 2009 side 577 avsnitt 3 er det uttala om § 15-7:

**”Bestemmelsen kodifiserer praksis etter tvistemålsloven med hensyn til organisasjoners adgang til å erklære hjelpeintervensjon, se for eksempel Ot.prp. nr. 51 (2004-2005) side 242-244. Såfremt utfallet av saken berører organisasjonen eller medlemmene, og den interessen som ivaretas**

**naturlig faller innenfor organisasjonens formål og virkefelt, er en ren prejudikatinteresse tilstrekkelig for å begrunne partshjelp, jf. - etter tvistemålsloven - Rt-2007-1019 avsnitt 14.”**

- (5) Norges Rederiforbund er ein nærings- og arbeidsgivarorganisasjon for utanriks skipsfart og offshore entreprenørverksemd på norsk sokkel. Forbundet har opplyst at alle riggselskap som opererer på norsk sokkel, medrekna ankepartane i saka, er medlemmer.
- (6) Etter utvalet sitt syn er det nærliggjande at utfallet av saka vil kunne vedkome organisasjonen eller medlemmene der, og at den interessa som blir vareteken, naturleg blir omfatta av føremålet og verkefeltet for organisasjonen. Utvalet godtek derfor at Norges Rederiforbund kan handle som partshjelpar for ankepartane. Det kan her også visast til avgjerda i Rt. 2000 side 322.
- (7) Ankeutvalet er kome til at anken over rettsbruken bør tillatast fremja. Ut over det bør anken ikkje tillatast fremja, jf. tvistelova § 30-4.

#### SLUTNING I ORSKURD :

Norges Rederiforbund blir tillate å handle som partshjelpar for ankepartane.

#### SLUTNING I VEDTAK :

Anken over rettsbruken blir tillaten fremja. Elles blir anken ikkje tillaten fremja.

Aage Thor Falkanger  
(sign.)

Karl Arne Utgård  
(sign.)

Knut H. Kallerud  
(sign.)

Rett utskrift: